

Kvartalsrapport

2-2013



Sykkelfestivalen Hillbilly Høkkfest vart arrangert i Ål skisenter siste helga i juli. Festivalen har fokus på alle former for terrengsykling og samlar sykkistar på alle nivå. SpareBank 1 Hallingdal Valdres er med som støttespelar.

Foto: Vegard Breie

SpareBank
HALLINGDAL VALDRES



Kommentarar 2. kvartal 2013

Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og følgjande seks heileigde dotterselskap:

EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS
SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS
SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS
SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS (tidl. HallingRegnskap AS)
SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS (tidl. Valdres Regnskap AS)

SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS er nytt selskap i konsernet frå og med 1. kvartal i år. Selskapet har kjøpt lokala til Coop Prix i Hemsedal som er bygd om for utleige til reiselivsrelatert verksemd i Hemsedal med bl.a. turistkontoret som leigetakar. I tillegg skal selskapet utvikle lokale i Valdres som konsernet skal drive si verksemd i.

Dotterselskapa har innverknad på enkeltpostar i konsernrekneskapen, men har mindre innverknad på konsernresultatet. Etter 2. kvartal er samla verknad på konsernresultatet frå desse selskapa eit underskot på 0,3 mill. kr etter goodwill-avskrivningar.

Banken eig 7,8 % av Samarbeidende Sparebanker AS, 7,8 % i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS og 7,7 % i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest 2 AS, som alle er felleskontrollerte verksemdar eigd av 11 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest 2 eig 19,5 % av Bank 1 Oslo Akershus. Resultatandelen frå desse felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Resultatet i dei felleskontrollerte verksemdene utgjer 8,2 mill. kr av det samla konsernresultatet på 35,5 mill. etter 2. kvartal.

Morbanken

Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 2. kvartal på 36,3 mill. kr som tilsvarar 1,05 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er klart betre enn for tilsvarende periode i fjor. Kvartalet har vore ei nokså normal driftsperiode utan spesielle hendingar. Bankfusjonen med Øystre Slidre Sparebank i november 2012 vil påverke dei fleste resultatstorleikane når ein samanliknar mot fjoråret.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 64,8 mill. kr mot 53,1 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 2. kvartal på 1,87 %. I same periode i fjor var rentenettoen 1,80 %. Den viktigaste årsaka til den relative betringa i rentenettoen kjem frå lågare renter på innlån som følgje av nedgang i marknadsrenter og lågare kredittpåslag som følgje av større tillit i finansmarknaden. Netto bidrag frå utlån/innskot til kundar er relativt sett lik 2. kvartal 2012.

Banken har overført bustadlån som tilsvarar 17,4 % av samla utlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (Boligkreditt). Banken får provisjon på desse låna frå boligkredittselskapet. For å få eit komplett bilete av rentenettoen, bør ein leggje til desse provisjonsinntektene i nøkkeltalet for rentenetto. Så langt i år utgjer provisjonane 0,23 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Rentenetto og provisjonsinntektene frå overførte lån til Boligkreditt utgjer til saman 2,10 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For same tid i fjor var talet 1,88 %.

Netto andre driftsinntekter utgjer 44,6 mill. kr mot 33,9 mill. i same periode i fjor. Auke i skuldast fleire tilhøve, men dei største enkeltpostane er vekst i provisjonar på overførte lån til boligkredittselskapet, vekst i provisjonar frå skadeforsikring og realisert kursgevinst frå sal av aksjar.

Driftskostnadane i 2. kvartal aukar frå 48,4 mill. i fjor til 56,9 mill. kr i år. Av veksten på 8,5 mill. kjem 2/3 frå løn. I høve til same periode i fjor har banken fleire tilsette etter fusjonen i november. For andre driftskostnader går kostnadane ned etter eit fjorår med høge kostnader knytt til førebuing av bankfusjonen.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 7,3 mill. kr, og kjem i hovudsak frå auke i både individuelle og gruppevisse tapsnedskrivningar.

Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 2. kvartal ein forvaltningskapital på 7.317 mill. kr. Forvaltningskapitalen har auka med 20,9 % siste 12 månader og som ein del andre balansepostar er utviklinga det siste året i stor grad påverka av fusjonen med Øystre Slidre Sparebank i november 2012. Balansetala nedanfor er difor kommentert i høve til utviklinga frå nyttår.

Balanseført utlån har ein vekst hittil i år på 296 mill. kr. Overførte lån til Boligkreditt inngår ikkje i balanseførte utlån, men tek ein med desse er auken siste halvår på 375 mill. kr eller 5,3 %. I privatmarknaden har banken ein vekst på 199 mill. eller 4,0 % siste 6 månadar. Tilsvarende tal for bedriftsmarknaden er ein vekst på 177 mill. kr og 8,3 %. Banken si relative balanseeksponering mot bedriftsmarknaden er 37,0 % av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 63 %. Reknar ein med overførte lån til Boligkreditt er fordelinga 30,7 % / 69,3 %.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 2. kvartal 120,1 mill. kr av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 1,9 % av brutto utlån og har utvikla seg svakt negativt i kvartalet. Banken har framleis eit særleg fokus på oppfølging av tapsutsette engasjement, og arbeider for å få redusert misleghaldet. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 42,5 mill. kr per 2. kvartal. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av renteberande verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 357 mill. kr (obligasjonar). Dette er fordelt med 52,1 mill. i statsgaranterte papir, 165,8 mill. i obligasjonar med fortrinnsrett (OMF), 115,1 mill. i kommune og bankobligasjonar og 23,9 mill. i industriobligasjonar. Banken har ei samla aksjeforfølje på 242,5 mill. kr. Av dette blir ei portefølje av norske og utanlandske aksjar forvalta av ekstern forvaltar som per 2. kvartal er bokført til 40,1 mill. Ved halvårsslutt er også 110,7 mill. plassert i pengemarknadsfond som ein del av banken si likviditetsstyring. Banken har vidare aksjar i tilknytte konsernselskap (selskap nemnde i avsnittet om konsernet) bokført med til saman 103,3 mill. kr. Aksjar i dotterselskap er bokført til 54,3 mill. kr.

Innskota ved utgangen av 2. kvartal er på 4.736 mill. kr, og er ein auke på 217 mill. frå nyttår. Omrekna i prosent er auken siste halvår på 4,8 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 76,4 % mot 76,2 % ved årsskiftet.

Banken har per 2. kvartal til saman 1.541 mill. kr i eksterne innlån, 7 obligasjonslån på til saman 1.191 mill. kr, 2 banklån pålydande til saman 250 mill. kr og eit sertifikatlån på 100 mill. kr. Av innlåna har 636 mill. kr løpetid på under eitt år. Banken har ein oppgjerskreditt på 40 mill. kr og ein trekkrett på 40 mill.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 16,4 % ved utgangen av 2. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8 %, samt interne kapitalmål. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Framtidsutsikter

Første halvår dokumenterer at den fusjonerte banken har teke fleire grep for å hente ut effektar av samanslåinga. Resultatmålsettinga er høgare og organisasjonen held fram arbeidet med tiltak som er naudsynte for å levere eit konsernresultat som er på eit høgare nivå enn i dag.

Utlånsveksten er venta å vere god i siste halvår, men på grunn av uvisse rundt den økonomiske veksten i Noreg vil den sannsynlegvis vere noko lågare enn i første halvår.

Banken gjennomfører organisasjonsmessige endringar i løpet av andre halvår som skal styrke banken sitt salsrette arbeid og effektivisere det administrative arbeidet. Det er også starta eit arbeid som skal samkøyre konsernet si regnskapsverksemd i dei to selskapa. Dette arbeidet vil halde fram mot ein planlagt fusjon hausten 2014.

Banken har ei god kapitaldekning, men forventar at måltalet må justerast oppover dei neste åra og såleis utfordre banken sitt kapitalnivå. For å kunne tilpasse seg strengare kapitalkrav, er banken heilt avhengig av gode resultat i åra framover for å bygge opp nødvendig kapital.

Hallingdal, 30.06.13/14.08.13

Kjell Vidar Bergo Åge Sandsengen Sissel Bjørøen
Formann Nestformann

Odd Holde Tore Østlund Kristin Ourom Vidar Isungset

Resultatrekneskap 2. kvartal 2013 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK						KONSERN				
Året 12	2. kv. 12	2. kv. 13	30.06.12	30.06.13		30.06.13	30.06.12	2. kv. 13	2. kv. 12	Året 12
252 241	62 507	73 938	125 883	142 788	Renteinntekter og liknande inntekter	141 325	124 682	73 162	61 740	249 508
141 882	35 056	40 104	72 748	77 978	Rentekostnader og liknande kostnader	78 385	72 808	40 276	35 073	141 497
110 359	27 451	33 834	53 135	64 810	Netto rente- og provisjonsinntekter	62 940	51 874	32 886	26 667	108 011
7 686	10 823	12 609	12 605	12 567	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	11 866	8 980	6 059	3 184	12 177
45 620	10 325	15 133	19 887	29 422	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	29 422	19 887	15 133	10 325	45 620
2 014	549	740	1 000	1 261	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	1 261	1 000	740	548	2 014
5 375	-140	1 743	1 835	2 441	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	2 440	1 835	1 743	-141	5 078
3 951	222	913	527	1 387	Andre driftsinntekter	39 147	26 743	19 821	13 165	57 796
60 618	20 681	29 658	33 853	44 556	Sum andre inntekter	81 614	56 445	42 016	25 985	118 657
170 977	48 132	63 492	86 988	109 366	Sum driftsinntekter	144 554	108 319	74 902	52 652	226 668
53 837	8 899	11 093	21 156	26 892	Personalkostnader	52 870	37 760	23 759	17 053	93 822
32 266	6 697	8 581	14 924	17 764	Administrasjonskostnader	17 771	14 935	8 879	6 616	31 811
2 319	503	871	991	1 808	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	7 629	5 470	3 802	2 886	12 596
38 209	5 553	5 036	11 314	10 435	Andre driftskostnader	13 550	13 363	6 225	6 973	43 776
126 631	21 652	25 580	48 386	56 899	Sum driftskostnader	91 820	71 528	42 665	33 528	182 005
44 346	26 480	37 911	38 602	52 467	Resultat før tap	52 734	36 791	32 237	19 124	44 663
16 002	6 418	4 415	7 946	7 306	Tap på utlån, garantiar mv	7 306	7 946	4 415	6 419	16 002
-	-	-881	-	-881	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	-881	-	-881	-	-
28 344	20 061	34 377	30 656	46 042	Resultat etter tap	46 309	28 845	28 703	12 705	28 661
5 350	6 000	6 400	8 600	9 700	Skatt på ordinært resultat	10 832	9 581	7 075	6 370	5 484
22 994	14 061	27 977	22 056	36 342	Resultat av ordinær drift etter skatt	35 477	19 264	21 628	6 335	23 177
22 994	14 061	27 977	22 056	36 342	Resultat	35 477	19 264	21 628	6 335	23 177

Nøkkeltal

	MORBANK			
	2. kv. 13	2. kv. 12	Året 12	Norm 12 *)
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,87	1,80	1,83	1,78
Driftskostnader i % av driftsinntekter	52,03	55,62	74,06	54,50
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,64	1,64	2,10	
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	9,97	7,81	3,10	10,32
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	7,87	5,62	2,52	7,55
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,12	0,16	0,27	0,21
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	23,90	0,21	16,07	
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (1000 kr)	1 307 183	1 084 546	1 200 385	
Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført Boligkreditt	23,30	7,20	21,38	
Innskotsvekst i % siste 12 md.	22,41	9,10	21,52	
Innskot i % av brutto utlån	76,41	77,34	76,21	80,65
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md.	20,93	7,07	14,68	
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital	903 377	778 402	904 266	
Kapitaldekning	16,38	16,48	16,69	18,08
Eigenkapitalprosent	12,95	13,34	13,59	9,48
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,68	1,15	0,61	0,77

*) Bygger på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner

Balanse per 30. juni 2013

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.12	30.06.12	30.06.13	EIGEDELAR	30.06.13	30.06.12	31.12.12
73 396	67 121	74 172	Kontantar og fordringar på sentralbankar	74 172	67 122	73 398
42 410	441 236	228 903	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	229 399	446 391	43 385
5 929 592	5 002 528	6 198 142	Brutto utlån til og fordringar på kundar	6 101 809	4 918 105	5 840 924
-13 803	-36 510	-17 009	- Individuelle nedskrivningar	-17 009	-36 510	-13 803
-22 500	-20 900	-25 500	- Gruppevise nedskrivningar	-25 500	-20 900	-22 500
5 893 289	4 945 118	6 155 633	Netto utlån til og fordringar på kundar	6 059 300	4 860 695	5 804 621
2 482	-	2 482	Overtekte eigdeklar	2 482	-	2 482
320 856	285 138	356 958	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	356 959	285 139	320 856
148 580	104 149	242 523	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	242 918	105 139	149 074
101 266	100 686	103 252	Eigarinteresser i tilknytt selskap	162 995	158 546	162 421
54 423	59 621	54 233	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
3 156	1 649	3 458	Immatrielle eigdeklar	32 241	36 265	35 100
24 135	10 410	16 541	Vårige driftsmidar	109 709	97 685	108 956
11 472	6 747	33 085	Andre eigdeklar	49 354	18 684	27 612
35 241	28 746	45 556	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	68 092	51 183	54 086
6 710 706	6 050 622	7 316 795	Sum eigdeklar	7 387 621	6 126 849	6 781 991
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
250 000	250 000	250 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	251 022	252 356	251 145
4 519 153	3 868 865	4 735 696	Innskott frå og gjeld til kundar	4 727 799	3 866 897	4 508 794
967 527	1 049 364	1 291 421	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 291 421	1 049 364	967 527
32 392	15 966	21 435	Anna gjeld	22 439	22 845	38 693
15 328	47 488	55 754	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	71 412	57 484	27 104
14 391	11 876	15 171	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	19 100	15 723	18 404
5 798 791	5 243 559	6 369 476	Sum gjeld	6 383 193	5 264 669	5 811 667
805 700	-	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	-	805 700
75 000	-	75 000	Grunnfondskapital	75 000	-	75 000
2 069	-	2 069	Andel resultat grunnfondskapital	2 069	-	2 069
11 581	-	11 581	Overkursfond	11 581	-	11 581
894 350	-	894 351	Sum innskote kapital	894 350	-	894 350
-	-	-	Fond for vurderingsulikeheter	59 733	57 860	58 409
-	771 357	-	Sparebanken sitt fond	-	771 357	-
-	-	-	Anna eigenkapital	-1 759	-5 267	-
12 742	13 650	11 804	Gåvefond	11 804	13 649	12 742
3 678	-	3 678	Utljåningsfond	3 678	-	3 678
1 145	-	1 145	Kompensasjonsfond	1 145	-	1 145
17 565	785 007	16 627	Sum bundne fond / frie fond	74 601	837 599	75 974
-	22 056	36 342	Resultat hittil	35 477	24 581	-
911 915	807 063	947 319	Sum eigenkapital	1 004 428	862 180	970 324
6 710 706	6 050 622	7 316 795	Sum gjeld og eigenkapital	7 387 621	6 126 849	6 781 991
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
659 867	637 011	604 264	Betinga forpliktingar	604 264	637 011	659 867

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	2. kv. 13	2. kv. 12	Året 12
MISLEGHALDNE LÅN			
Brutto misleghaldne lån	120 097	163 745	122 481
- individuelle nedskrivning	13 859	35 902	12 603
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	106 238	127 843	109 878
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	5 261	1 261	1 760
- individuelle nedskrivning	2 181	608	1 200
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	3 080	653	560
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTIAR			
Endring gruppe nedskrivning	3 000	-2 000	-2 000
Endring individuell nedskrivning	3 914	9 720	-12 617
Konstatert tap i perioden	3 692	294	34 183
Inngått på tidl.konst. tap	-3 300	-68	-3 564
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	7 306	7 946	16 002

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Kontor: Geilo, Ål, Gol, Hemsedal,
Fagernes, Heggnes og Beitostølen

SpareBank
HALLINGDAL VALDRES

